



Sakshandsamarar
Kristin Espeset, tlf: 5156 8878
Einar Haualand, tlf: 5156 8925

Inspeksjonsrapport

**Inspeksjonsrapport nummer:
2009.061.I.MVARO**

Informasjon om kontrollert deponi

| | |
|---|----------------------------------|
| Namn og besøksadresse verksemd: Toraneset Miljøpark | Org.nr. verksemd: 970 919 910 |
| Namn og adresse verksemd (deponieigar/deponiansvarleg): Haugaland interkommunale miljøverk IKS, 5574 Skjold | Telefon verksemd: 52 76 50 50 |
| Kommune/kommunenr.: 1160 | E-post verksemd: him@him.as |

Til stades under kontrollen

| | |
|---|---|
| Frå verksemda: Gro Staveland, Håvard Kallestad Bakken, Jan Karl Lygre | Frå Fylkesmannen: Marit Sundsvik Bendixen og Einar Haualand |
| Kontrollomfang: <ul style="list-style-type: none">• avfallsforskrifta kap. 9 og kap.11• internkontrollforskrifta | Inspeksjonsdato: 24.09.2009 |

Innhald i rapporten

Rapporten beskriv avvik og merknader som vart konstaterte under kontrollen. Rutinar for mottakskontroll vart kontrollert.

Resultat av kontrollen

- Kontrollen avdekte 4 avvik frå regelverket
 Det er gjeve 1 merknad

Denne rapporten har status som førebels. Dersom Fylkesmannen ikkje får tilbakemelding om faktiske feil i rapporten innan 2 veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Deponiet er plassert i risikoklasse 2 og Fylkesmannen varslar med dette at det vil bli kravd eit gebyr på kr: 14 400,- for kontrollen. Merknader til varselet kan sendast Fylkesmannen innan 2 veker, jf. § 16 i forvaltningslova. Meir informasjon om kontrollgebyr, sjå neste side.

Oppfølging etter kontrollen

- Inga tilbakemelding
 Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding for å få stadfest at avvika er retta, og som gjer greie for gjennomførte tiltake når det gjeld avvik. Fylkesmannen ber også om at verksemda gjer greie for sine vurderingar og ev utbetringar når det gjeld ev. merknader.

Frist for skriftlig tilbakemelding: 05.12.2009

Pålegg om skriftlig tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan tre dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Eventuell klage bør begrunnast og skal sendast til Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke pålagt tilbakemelding innan fastsett frist, kan det bli aktuelt å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Sjå neste side for meir informasjon om eventuelt vedtak om tvangsmulkt og definisjon av avvik og merknad.

Kopi til:

Bokn kommune
Etne kommune
Haugesund kommune
Tysvær kommune
Vindafjord kommune
Statens forurensningstilsyn

Definisjonar og informasjon

Kontrollaksjon Deponi 2009-2010 har som mål å redusere ulovleg deponering av avfall på deponi ved å sikre at:

- den driftsansvarlege ved deponiet gjennomfører ein tilfredsstillande mottakskontroll
- avfallsprodusenten gjennomfører korrekt og tilstrekkeleg basiskarakterisering og verifikasjon av avfall

Informasjon om regelverk og hjelpemiddel finst på www.sft.no og www.regelhjelp.no

Basiskarakterisering og mottakskontroll

Den som har gjeve opphav til avfallet (avfallsprodusent) har ansvaret for at dette blir basiskarakterisert. Alt avfall skal basiskarakteriserast. Føremålet med basiskarakterisering, verifikasjon og mottakskontroll er å bidra til at følgjande er kjent før deponering:

- Samansetnad, utlekingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar som har betydning for deponiet, på kort og lang sikt.

Nærare krav går fram av avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II punkt 1.

Den driftsansvarlige ved deponiet avgjer om avfallet kan deponerast ved deponiet på bakgrunn av dokumentasjonen frå avfallsprodusenten og informasjon som den driftsansvarlege sjølv innhentar gjennom mottakskontroll av avfallet. Mottakskontrollen består i visuell kontroll av kvart lass, i tillegg til stikkprøvar av enkelte leveransar. Avfall som ikkje oppfyller kriteria for mottak ved deponiet skal avvisast.

Regelverk

- *Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) § 7 første ledd/andre ledd og § 29
- *Forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 9 om deponering av avfall og kapittel 11 om farleg avfall
- *Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta) § 5

Løyve

Løyve til Haugaland Interkommunale Miljøverk etter forureiningslova for deponiet ved Toraneset Miljøpark av 10.06.2008, jmf løyve av 09.02.2000.

Internkontrolldokumentasjon

I samband med kontrollen har Fylkesmannen motteke følgjande internkontrolldokument:

- Kvalitetssikring av drift (2007, revidert 2009)
- Internkontroll (Handbok for helse, miljø og sikring, revidert 2009)

Avvik: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga; f eks brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene, eller krav og vilkår fastsett i løyve.

Merknad: tilhøve som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Kontrollgebyr: Sjå kapittel 39 i forureiningsforskrifta: *Gebyr til statskassen for arbeid med tillatelse og kontroll etter forurensningsloven*. Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-3.

Informasjon om vedtak om tvangsmulkt

Dersom Fylkesmannen ikkje har motteke tilbakemelding innan fastsett frist, som godtgjer at avvika er retta, vil Fylkesmannen vurdere å ta i bruk tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt kan fattast med heimel i forureiningslova § 73. Tvangsmulkt kan fastsetjast som ei løpande mulkt (som går kvar dag inntil verksemda har godtgjort at avvika er retta) eller som ein eingongssum (som forfell til innbetaling dersom verksemda ikkje har gjeve tilbakemelding innan fastsett frist som stadfester at avvika er retta.) Før ev. vedtak om tvangsmulkt blir fatta, vil verksemda bli førehandsvarsla skriftleg og gjeve høve til å uttale seg, jf. forvaltningslova § 16.

Farleg avfall

Det er ca. 60 000 tonn farleg avfall med ukjend handtering i dag. Noko av dette hamnar truleg på deponi, m.a. oljehaldig avfall, impregnert tre og PCB-haldig avfall. Resultat frå analysar teke av sigevatn fra deponi viser at det lek ut miljøgifter som kjem frå farleg avfall. Ved oppussing eller riving av bygg/anlegg må ein forsikre seg om at avfall blir teke forsvarleg hand om. Sjå også avfallsforskrifta kap. 15 om byggavfall, særleg § 15-5 om miljøkartlegging av farleg avfall.

Avvik

Det vart påvist følgjande avvik under kontrollen:

- Avvik: 1: Den driftsansvarlege har deponert avfall som ikkje er lovleg å deponere ved deponiet**

Avvik frå: *Avfallsforskrifta og/eller løyve etter forureiningslova*

Grunnlag for avviket er avkryssa nedanfor:

- a) Den driftsansvarlege har deponert avfall som deponiet ikkje har høve til å deponere, jf avfallsforskrifta §§ 9-4, 9-6, 9-11, jf. vedlegg II pkt 2
- b) Den driftsansvarlege har deponert avfall som deponiet ikkje har løyve til å deponere, jf vilkår i løyve datert _____
- c) Basiskarakteriseringa av avfall som er deponert er ikkje komplett og tilfredsstillar ikkje forskriftskrava (§ 9-11, jf. vedlegg II)
- d) Anna (kva):

Kommentarar:

Til pkt c):

Deponiet har akseptert skjema utforma av Avfall Norge ("Deklarasjon for avfall til deponi") som skjema for basiskarakterisering. Skjemaet tilfredsstillar ikkje åleine krava til basiskarakterisering i avfallsforskrifta kap 9 vedlegg II punkt 1.1. Nyttar ein skjemaet må det leggjast ved tilleggsopplysingar, mellom anna for å oppfylle følgjande krav i punkt 1.1:

- c) Opplysninger om hvilken behandling av avfallet som er gjennomført for å oppfylle § 9-6 i denne forskriften eller en redegjørelse for årsakene til at slik behandling ikke betraktes som nødvendig.
- d) Data om avfallsets sammensetning og utlekkingspotensial ved både kolonnetest og ristetest.
Vår kommentar:
Sjå også vedlegg II pkt 1.2 c).
- e) Avfallsets lukt, farge og fysiske form.
- h) Bekreftelse på at avfallet ikke omfattes av forbudene i § 9-4 i denne forskriften.
Vår kommentar:
Avkryssing for "farleg avfall" må grunngjevast.
- j) Eventuelle ekstra forholdsregler som deponiet må treffe ved håndteringen av avfallet.

k) Muligheter for gjenvinning av avfallet.

Vår kommentar:

Avkryssing for at avfall ikkje kan gjenvinnast må grunngjevast.

For avfall som produseres jevnlig i like prosesser skal basiskarakteriseringen også dokumentere:

- i. Om avfallet består av en blanding av forskjellige materialer, og i så fall blandingsforholdet mellom disse materialene og hvor mye blandingsforholdet kan variere.
- ii. En beskrivelse av hvordan utlekkingspotensial, lukt, farge og fysisk form varierer, og hvor stor denne variasjonen er.
- iii. Opplysninger om hvilke parametere som skal brukes ved verifikasjon og hvor ofte verifikasjonen skal finne sted.

Avvik 2: Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld for mottak av avfall

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II og internkontrollforskrifta*

Grunnlag for avviket er avkryssa nedanfor:

- a) Deponieigar har ikkje dokumenterte kriterium for å avgjere om avfall kan deponerast (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- b) Deponieigar har ikkje dokumenterte kriterium for kva som skal vekke mistanke om at avfallet er forureina slik at grenseverdiane i pkt. 2.1 i vedlegg II kan bli overskridne (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.2 a)
- c) Den driftsansvarlege syter ikkje for at avfallet blir inspisert visuelt før og etter lossing (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- d) Den driftsansvarlege syter for at avfallet blir inspisert visuelt før og etter lossing, men inspeksjonen er mangelfull (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4).
- e) Den driftsansvarlege avviser ikkje avfall som har mangelfull/manglande dokumentasjon på basiskarakterisering/verifikasjon (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- f) Den driftsansvarlege varslar ikkje forureiningsmyndigheit ved avvising av avfallslast (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- g) Den driftsansvarlege har inga/mangelfull journalføring av stikkprøvar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- h) Anna (kva):

Kommentarar:

Til punkt a):

Framlagd internkontrolldokumentasjon manglar referanse til avfallsforskrifta § 9-4 og vedlegg II, punkt 2.2.

Til punkt d):

Inspeksjonen vil være mangelfull på grunn av manglande basiskarakterisering, jf. pkt e). Det blei observert store mengder fuglar ved spreining av motteke avfall, dette tyder på innhald av våtorganisk avfall.

Til pkt e):

Avfallsprodusentane legg ikkje fram basiskarakterisering/verifisering som oppfyller avfallsforskrifta sine krav, og deponiet aksepterer dette.

Til pkt. f):

I pkt 1.2.2 i "Kvalitetssikring" står det følgande: "Ved alvorlige avvik som ikkje kan

rettes opp ved sortering skal Fylkesmannen varslest før avfallet kan deponerast.”
Fylkesmannen reknar med at dette er ei feilformulering ettersom det uansett ikkje
er lov å deponera forbodne avfallsfraksjonar.

Avvik: 3: Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld registrering og dokumentasjon av avfall

Avvik frå *Avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II og § 9-12*

Grunnlag for avviket er avkryssa nedanfor:

- a) Den driftsansvarlege fører ikkje register over deponert avfall (§ 9-12)
- b) Den driftsansvarlege har mangelfull registrering av deponert avfall (§ 9-12)
- c) Den driftsansvarlege oppbevarer ikkje eit eksemplar av basiskarakterisering / samandrag av basiskarakterisering (§ 9-11, jf. vedlegg II punkt 1.2)
- d) Den driftsansvarlege oppbevarer ikkje eit eksemplar av verifikasjonsrapport (§§ 9-12 og 9-11, jf. vedlegg II punkt 1.3)
- e) Anna (kva):

Kommentarar:

Til pkt c) og d):

Desse avvika er ei følgje av avvik 1 c).

Avvik: 4 Den driftsansvarlege overheld ikkje krava som gjeld prøvetaking og testing av avfall

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 9-11, jf. vedlegg II*

Grunnlag for avviket er avkryssa nedanfor:

- a) Stikkprøvekontrollen ved mottak er mangelfull/manglar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 1.4)
- b) Prøvetaking og testing blir ikkje utført av uavhengig og kvalifisert personell (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- c) Prøvetakingsrutinar er ikkje kvalitetssikra av uavhengig og kompetent institusjon (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- d) Testing av avfallet skjer ikkje under eit kvalitetssikringssystem som omfattar periodisk, uavhengig kontroll, f.eks. gjennom akkreditering eller system av liknande kvalitet (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- e) Prøvetaking og testing blir ikkje utført i samsvar med gjeldande standardar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- f) Prøvetakingsstrategi manglar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- g) Prøvetakingsstrategi sikrar ikkje representative prøvar (§ 9-11, jf. vedlegg II pkt 3)
- h) Anna (kva):

Kommentarer:

Til pkt a):

Det tas ikkje ut prøvar frå leveransar som er plukka ut i stikkprøvekontrollen. Dette inneber også brot på punkta 4 b) til g).

Avvik 5: Andre

Grunnlag for avvika er avkryssa nedanfor

A)

Avvik frå: *Avfallsforskrifta kap. 9 om deponering av avfall*

B)

Avvik frå: *Internkontrollforskrifta*

C) (brot på vilkår i løyve)

Avvik frå: *Deponiløyve datert punkt*

Kommentarar:

Merknader

Fylkesmannen gjev følgjande merknader i samband med kontrollen:

Merknad 1:

Kommentarar:

Deponiet mottok næringsavfall frå ulike avfallsprodusentar. For det avfallet som det ikkje er praktisk mogleg å gjennomføra prøvetaking og analyse av, skal det dokumenterast på annan måte at avfallet kan deponerast på Toraneset Miljøpark. Jf. vedlegg II pkt. 1.2 c) og avvik 4 a).

Frå 01.04.2010 må ein syta for testing eller dokumentasjon på annan måte av at avfallet ikkje er omfatta av forbodet mot deponering av nedbrytbart avfall, jf avfallsforskriften § 9- 4, første ledd, bokstav a.

Andre kommentarar/utdjupingar

Deponiet har lang erfaring i arbeidet med mottakskontroll. Kunder med usortert avfall blir vist til anlegget sin miljøstasjon/sorteringshall.

Det er viktig å få klargjort følgjande:

Ein internkontroll skal innehalda oversyn over offentlege rammevilkår (jmf internkontrollforskrifta § 2 *) og skal syne korleis verksemda vil sørge for å overhalde desse (jmf. § 5). I dei fleste verksemdar syner

kvalitetssikringssystemet korleis ein skal overhalde privatrettslege avtalar.

Internkontrollen kan innarbeidast i kvalitetssikringssystemet, men det må då vera klart kva som utgjer internkontrolldokumentasjonen.

- - -

*) Dette gjeld lover, forskrifter med vedlegg og løyver.